



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

Utskrift av vedtak s 10/25

S 10/25	INNMELDING I FORENINGA «FJON FJELLKYRKJE OG UNGDOMSSENTER»
	<u>Bakgrunn:</u> Det har dei si siste par åra blitt jobba med endring av driftsorganisasjonen Fjon Fjellkyrkje. Tidlegare var den eit underbruk av Masfjorden sokn, utan høve til å ha eit eige organisasjonsnummer. Alle sokna i prostiet har bidratt til at fjellkyrkja i si tid vart bygd og følgt opp elles med å leiga kyrkja, samla inn midlar i form av kyrkjeofringar til drifta og at eit medlem av soknerådet har møtt i rådsmøtet ein gong i året. Styret har dei siste åra arbeidd med å finna ein ny organisasjonsform som både er fleksibel og ikkje stiller det enkelte sokn ansvarleg om ein skulle gå konkurs. Organisasjonsforma ein har landa på er «forening». Ein har med vilje ikkje landa på organisasjonsforma «stifting», til dømes. Soknerådet gav si tilslutning til den nye organisasjonsforma i S – sak 13/24 den 16. april 2024. Tone Sævi vart oppnemnd som soknerådet sin representant til rådsmøtet den 28. mai 2024, der den nye organisasjonsforma vart vedtatt. I vedtektene til den nye foreininga skal framleis Masfjorden sokn vera formell eigar av fjellkyrkja, medan foreininga skal stå for drifta. Dette er i praksis ikkje den store endringa i forhold til slik det har vore. Men no er «Foreininga Fjon fjellkyrkje og Ungdomssenter» ei sjølvstendig eining med eige organisasjonsnummer. Det er altså ikkje nok å ha vedtatt ei ny organsiasjonsform. Ein må i tillegg ha eit formelt vedtak der ein vert innmeldt i foreininga. Det er det denne saka dreiar seg om. <u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Fedje sokneråd melder seg inn som medlem i «Foreininga Fjon Fjellkyrkje og Ungdomssenter».</i>
Vedtak:	Fedje sokneråd melder seg inn som medlem i «Foreininga Fjon Fjellkyrkje og Ungdomssenter».